

Fau-møte for ungdomsskulen 14.september

Desse møtte:

Elin T. Haugen, Torbjørn Indrebø, Oddny E. Berdal, Erik W. Vold, Anne Tjordal, Lars Søraas, Audhild Leirvik, Peter Tjihuis, Gerd Jane Guggedal, Einar Olsen, Kathrine L Steindal, Svein Carlos Gjil, Stian Wold Hultgren

Husk! Me er med i Fau for ungane våre!

- Val av fau- representantar må bli gjort på anna vis enn med lister med namn som blir sendt heim med elevane. Ein må bli spurt og kunne få svare ja/nei. Det er viktig at alle bygder er representerte i Fau.

Meldingar:

- bussbyte på Lovraeidet. Framleis bytar dei buss midt i vegen. Skulen høyrer med billaget om dette.

22/15-16: Konstituering:

- Leiar: Elin Tjordal Haugen
- Nestleiar: Gerd Jane Guggedal
- Sekretær: Kathrine L Steindal

1/16-17: Kasserarvervet

Det er ingen bevegelsar på kontoen. Ingen inntekter. Det er ikkje nødvendig med kasserar når det ikkje er pengar i omløp. Anne ordnar opp i kontoen og avsluttar den.

Kva skal me gjere med dei pengane som står på konto?

Forslag om at me på neste møte, når me veit summen, kjem med forslag til kva det skal brukast til.

2/16-17: Arrangement dette skuleåret

Med eit årshjul vil det vere greitt for oss å vite når og kor me treng foreldre til vaktar og liknande. Då kan me i god tid få foreldre til å skrive seg opp på liste om kva dei kan vere med på.

Ynskjer at rektor kjem med datoar for dei faste aktivitetane skulen pleier å ha der det er behov for vaktar.

Elles er Ryfylkedagane med vakt på beach-party og natteramnar faste arrangement.

Viktig å få med foreldre å gå vakt på nyttårsballet i tillegg til lærarar.

Info frå rektor:

- Det har vore ein grei start på skuleåret. Inspektør og sosiallærer er på plass på ungdomsskulen.
- Kjem til å starte opp med trivselsprogram på ungdomsskulen snart.
- Inspektør Trine har sagt opp stillinga si frå 1. desember
- Ung Data: Det er ikkje mykje nytt som har kome fram, mykje av det same som før. Skårer litt høgt på røyk/ snus. Psykososialt er det dei same utfordringane som elles i landet. Syns dei har for få saker frå ungdomstrinnet i forhold til barnetrinnet, når det gjeld det psykososiale. Tala samsvarer ikkje heilt. Politiet skal inn i 7. og 8. klasse nå, ynskjer også å få dei inn i 9. og 10. klasse.
- Utdanningsfaget: Det er viktig at elevane får informasjon om kva moglegheiter dei har, ikkje bare Sauda. Når det gjeld hospitering kan elevar be om fri for å besøkje andre skular enn Sauda.
- Programfag: er dette noko me vil satse på i Suldal? Skal ein ha dette som fag, må ein ha kompetanse på det. Kanskje må ein få med næringslivet i Suldal, som kanskje kan ha midlar og kompetanse i faget. Kanskje kan ein hente inn kompetansen frå andre stader i landet, at undervisninga føregår digitalt. Programfag kan kanskje også vere eit fag som treff dei elevane som fell litt utafør i andre fag.

Ymse:

- Symjeopplæring på ungdomsskulen. 10.klasse skal ha symjing i ein periode for å sjå om dei har oppnådd kompetansemåla.
- Vakter på fritidsklubben på Sand: Hanne Mette Birkeland har spurt om fau kan skaffe ei vakt til dei kveldane det er klubb. Me tek det opp på foreldremøta i klassane og prøver å skaffe ei vakt til desse datoane: 8A: 14/10, 8B: 28/10, 9A: 7/10, 9B: 23/9 og 9/12, 10A: 11/11, 10B: 25/11

Vaktene skal vere på kulturhuset frå kl. 19-22.

Me prøver å ordne vaktar denne hausten, men bør gi beskjed til Kulturhuset/ kommunen at kanskje dette er noko som andre bør ta ansvar for.

14.09.16

Kathrine L Steindal